

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

**Vår dato:** 05.04.2022

**Vår ref.:** 202004820-12 Oppgi ved førespurnad

**Dykkar ref.:** 20/371 - 22/2285

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes

22 95 95 27 [/toot@nve.no](mailto:/toot@nve.no)

## **NVE trekker motsegn til detaljreguleringsplan for Storeskjeret - Masfjorden kommune**

Vi viser til brev datert 09.03.2022. Saka gjeld detaljreguleringsplan for Storeskjeret. I brevet ber de oss om trekke motsegn til planen på bakgrunn av nytt og oppdatert planmateriale.

### **NVE trekker motsegn til detaljreguleringsplan for Storeskjeret.**

#### **Om motsegna**

NVE fremja motsegn til detaljreguleringsplan for Storeskjeret i brev datert 11.03.2021. Grunnlaget for motsegna var at fare for områdeskred av kvikkleire ikkje var tilstrekkeleg utgreidd. Vi sa vidare at dersom skredfaren vert utgreidd, og konklusjonane innarbeidd i planen, fell grunnlaget for motsegna bort.

29.10.2021 sende de inn nye skredfarevurderingar og ba oss om å trekke motsegna til planen. I Sweco sin rapport datert 11.05.2021 konkluderte dei med at det ikkje kan oppstå områdeskred på land i/nær planområdet. Dei hadde ikkje tilstrekkeleg informasjon til å vurdere fare for områdeskred under vatn. Vi konkluderte då i brev datert 29.11.2021 med at grunnlaget for motsegna ikkje hadde falle bort, og NVE opprettheldt difor motsegna til planen.

#### **Nye vurderingar av grunntilhøva**

Sweco har utarbeidd eit nytt notat datert 14.02.2022. På bakgrunn av mellom anna dykkarinspeksjon konkluderer Sweco med at det ikkje er fare for tap av områdestabilitet på land eller sjø ved utbygging av området.

#### **NVE sine vurderingar og konklusjon**

Vi vurderer at grunnlaget for motsegna har falle bort. **Under føresetnad av at planen vert vedteken i samsvar med det vurderte utkastet/materialet trekker NVE motsegn til detaljreguleringsplan for Storeskjeret.**



Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

**Mottakarliste:**

Masfjorden kommune

**Kopimottakarliste:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND